

Svært positivt møte om unge flyktninger.

09.06.2016



Sentrale personar i viktig prosjekt: Kristin Lokoen(f.v.), Inger Lill Ersland, Monika Haugland, Tine Korsvoll og Vigdis Gammelsæther

Det var svært positiv stemning på infomasjonsmøtet som dei tilsette ved bufellesskapet for unge flyktningar inviterte til, i Aktivitetshuset i kveld. Det vart gjeve informasjon, det var gode spørsmål og innspel og det var ein positiv gjennomgangstone om at denne utfordringa skal vi løysa på ein god måte.



Vigdis Gammelsæther er fagkoordinator for bufellesskapa

Frammøtet må vi vel også seia var bra då rundt 30 var på stolane då rektor Lilli Britt Urheim ønskte velkommen. Ho håpa på ei positiv innstilling, og at ein hadde fokus på integrering. Det vart gjennomgangsmelodien på resten av møtet.

Verksemdeleiar for Tiltak og tenester for barn og unge, Monika H. Haugland, fortalte om bakgrunnen for at det no vert oppretta to nye bufellesskap for unge flyktningar i Kvinnherad. Ho kom inn på at dette er heilt nytt for Kvinnherad kommune, og at det har gått fort sidan det vart bestemt i januar. Det er tilsett 16 miljørarbeidrar og 1 fagkoordinator. Det vil alltid vera minst to miljørarbeidrarar på Stølen, døgnet rundt. Fagkoordinatoren, Vigdis Gammelsæter, er ansvarleg for bufellesskapa både på Valen og på Stølen, men ho kjem til å ha kontoret sitt i Uskedalen. Då ho fekk ordet sa ho at dei hadde fått eit tverrfagleg godt team samansett av 8 kvinner og 8 menn pluss ho sjølv. Vigdis har svært brei erfaring frå flyktningearbeid.

Saman med Vigdis var også 3 miljørarbeidrarar, Tine Korsvoll, Kristin Lokoen og Inger Lill P. Ersland på møtet. I første omgang kjem det 5 gutar mellom 13 og 16 år til Stølen. Dei kjenner ikkje kvarandre, og har budd på ulike omsorgssenter i opptil eit år i vente på fast bustad. Dei er begynt å læra litt norsk og er veldig lærerillige. Dei tilsette ser for seg ein krevjande start når gutane igjen skal flytta og byrja på nytt, men dei har god tru på at dei saman med positive naboar og bygdefolk skal gje dei eit godt grunnlag til å fungera godt i Noreg. Dei skal hjelpast til trygghet, meistringsevne og til å utvikla sitt potensiale.

Dei understreka kor viktig det ville verta med gode relasjonar til lokalmiljøet. Dei tilsette vil ha ei foreldrerolle og ønskte sjølvsagt å samarbeide med andre foreldre. Ein skal vera klar over kulturforskjarar, men det er viktig at gutane får greie på kva som ikkje er akseptabelt. Dei skal ha grenser som andre ungdommar.



Dei frammøtte fekk svært god og nyttig informasjon på møtet.

Kva kan vi så bidra med?

- De kan koma og banka på, og koma innom og snakka med gutane. Kanskje de kan eta kveldsmat med dei? Kanskje kan de ta dei med på fisketur, på fotball, til fjells eller noko anna? Kanskje har de ein ledig plass i bilen når de skal ein tur? sa mellom anna Vigdis Gammelsæter. Ho nemnde og at det er sommar når dei kjem, og at det kan vera lange dagar for arbeidvillige gutter. Kanskje kan dei få hjelpe til litt i hagen eller anna arbeid og tena seg nokre kroner?

Ein av dei frammøtte spurde om korleis ein skulle gå fram om ein t.d. ville invitera i bursdag eller ha kontakt i annan samanheng. Då er svaret greitt. Ta kontakt med dei tilsette som har ei foreldrerolle.

Eg må også nemna at Vigdis Gammelsæther fortalte at ho hadde hatt eit usedvanleg kjekt møte med dei positive og engasjerte elevane i 7.klasse. - Eg gler meg so at eg klarer nesten ikkje venta, eg, var ein uttale ho refererte.

Dei frammøtte på møtet hadde god spreiing i alder. Ekstra gledeleg var det gode frammøtet av tenåringsforeldre, og foreldre som er svært aktive i aktuelle lag og organisasjonar i bygda. Det lovar godt. Eg er sikker på at Uskedalen vil visa seg som den inkluderande bygda som den vart omtala som på møtet. Vi kan alle bidra! Dei små tinga tel mykje i slike samanhengar!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.